


Fjell kommune

## Nærturterreng Fjell kommune

2013-09-11 Oppdragsnr.: 5134380



Rev.	Dato:	Omtale	Utarbeidet	Fagkontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhører Norconsult.  
Dokumentet må berre nyttast til det formål som framgår i oppdragsavtalen, og må ikke kopierast eller gjøres tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

## Innhold

<b>1</b>	<b>Innleiing</b>	<b>5</b>
1.1	Bakgrunn	5
1.2	Avgrensning av oppgåva	5
1.3	Universell utforming	5
<b>2</b>	<b>Nærturterreng</b>	<b>6</b>
2.1	Definisjon	6
2.2	Verdisetting	6
2.3	Markaområda i Fjell kommune	7
<b>3</b>	<b>Kartlegging og metode</b>	<b>8</b>
3.1	Kriterier for val av lokalitet for nærturterreng	8
3.2	Bruksfrekvens og tilkomst	8
3.3	Resultat Nærturterreng	8
<b>4</b>	<b>Presentasjon av nærturterreng i pressområda</b>	<b>10</b>
<b>5</b>	<b>Oppsummering nærturterreng</b>	<b>24</b>





# 1

## Innleiing

### 1.1 BAKGRUNN

Fjell kommunen er hausten 2013 i ferd med å rullere kommuneplanen sin arealedel. I samband med dette er det ynskjeleg med meir kunnskap om friluftslivverdiar i kommunen og særleg dei bustadnære turområda.

Norconsult AS er engasjert av Fjell kommune for å kartlegge friluftslivskvalitetar i kommunen og det som vert kalla "nærterreng", med særleg vekt på pressområda i den austre del av kommunen.

Kartlegginga tek utgangspunkt i DN-håndbok 25-2004. Det heiter der at det er ei målsetting at alle skal ha tilgang til eit tuområde innan 500 m frå eige bustad. Tuområdet skal minimum vere 200 dekar og det bør vere mogleg med ei rundløype på ca 2 km.

### 1.2 AVGRENSING AV OPPGÅVA

Kartlegginga har hatt fokus på å kartfeste nærterreng i pressområda i austre deler av kommunen og skildre kvalitetane i desse områda. Det er altså ikkje gjort ei fullstendig kartlegging av alle friluftslivskvalitetar i området. Arbeidet er tufta på kjennskap til områda, kart og flyfoto samt synfaring i dei fleste områda. Det er gjort ei meir overordna kartfestning av potensielle nærterreng også i grendene elles i kommunen. Ideelt sett burde medverknad med alle aktuelle brukargrupper vere en integrert del av arbeidet, men dette har ikkje lagt innafor rammene som har vore tilgjengeleg.

For å få meir kunnskap om faktisk bruk av friluftsområder og spesielt barn og unge sin bruk av dei, har Norconsult utarbeida eit spørjeskjema og gjennomført ei spørjeundersøking om friluftsliv blant alle 10. klassingar i kommunen. Denne rapporten er supplert med resultata frå denne undersøkinga og inngår som del av arbeidet.

Det er i tillegg gitt eit oversyn over stader som har kvalitet som badeplassar ut i frå eksisterande planstatus, reell situasjon, samt generell kunnskap om strandsonen i Fjell og nye observasjonar ved synfaring.

### 1.3 UNIVERSELL UTFORMING

I utgangspunktet hadde det vore ideelt om eit nærterreng og hadde kvalitetar som gjorde områda ega for turgåing for alle brukargrupper. Naturen i Fjell utan tilrettelegging er diverre langs i frå krava til universell utforming. Ingen av områda som er skildra i denne rapporten tilfredsstiller krav til universell utforming, men delar av den nye turvegen mellom Hjelteryggen og Foldnes, delar av turløypa i Straume idretspark og UU-løypa som vert utvikla ved Fjell festning vil ha slike kvalitetar.

## 2 Nærturterreng

Denne rapporten fokuserer på dei nære turområde kring bustadkonsentrasjonane i kommunen. Direktoratet for naturforvaltning har i si handbok 25 frå 2004 definert 11 ulike typar friluftsområder der "nærturterreng" inngår som ein av desse områdetypane.

### 2.1 DEFINISJON

For å kunne kallast nærturterreng må det vere mindre enn 500 meter frå ein bustad og til turområdet eller til ein grøntkorridor som fører til eit nærturterreng. Området bør vere minst 200 dekar og helst bør det vere mogleg å gå ein rundtur på ca 2 km.

Ideelt sett skal alle som bur i Norge ha mindre enn 500 meter til eit nærturterreng ifølgje Direktoratet for naturforvalting. Dette er etter kvart sett som eit ideal også i dei mange Folkehelseplanane som kommunane no har

For å få eit tal på kor mange bustader som soknar til eit turområde er det laga ein buffer på turområde på 500 m. Reell avstand frå bustad til turområde vil naturlegvis då vere både over og under 500 meter avhengig av vegsystem. Dette vil likevel gi ein indikasjon på dekningsgrad. Bustader som ligg legger unna vil ikkje oppfylle krav til 500 avstand og i desse område vil det vere viktig med grøntkorridora fram til dei nærmaste turområda.

I Fjell kommune er det fleire større markaområde. Nærturterreng inn i desse områda er vanskeleg å avgrense. Det er likevel gjort eit forsøk på dette med fokus på rundløyper på kring 2 km.

I Fjell kommune er det for ein stor del einebustader dels i byggefelt men og meir sprett. Grendene har og vakse saman. Nokon stader har det vore naturleg at eit og same område er nærturterreng for fleire grender eller bustadområder.

Områda som er vald ut som nærturterreng er ikkje nødvendigvis dei områda som er mest nytta, men viser kva areal som ligg nærest busetnad og dei kvalitetar desse har. Områda på Bjarøy, Little Sotra og austsida av Stoer Sotra er delvis synfart, medan andre områder er vurdert ut i frå eksisterande kartgrunnlag, ortofoto og generell kunnskap om områda.

Områdeavgrensinga er ikkje absolutt og prøver å inkludere dei kvalitetar som ligg i området særleg knytt til tilgjenge.


### 2.2 VERDISETTING

Handbok 25-2004 har og ein metode for verdisetting av friluftsområder uavhengig kva type friluftsområde det er snakk om. Vurderinga vert gjort med omsyn til brukarintensitet, potensielle brukarar og ulike kvalitetar dei einskilde områda har. For nærturterreng er det ikkje gjort ei slik vurdering all den tid alle nærturterreng har høg verdi for dei som soknar til eit område. Det er

likevel gjeve ei skildring av kvalitetane for dei nærterreng som ligg i pressområda på øyane i aust.

## 2.3 MARKAOMRÅDA I FJELL KOMMUNE

I eksisterande kommuneplan for Fjell er større områder definert som landbruk-, natur- og friluftsliv der natur er viktigast. Definisjonen er noko misvisande fordi dette er område som bakgrunn av naturverdiane og er viktig for friluftsliv. Det er derfor vist eit temakart der det er fokus på desse områda og kor mange som bur innan 500 m frå desse områda. LNF-Natur utgjer omlag 50% av arealet i kommunen og 68 % av innbyggjarane har mindre enn 500 m i luftlinje til desse områda.



# 3 Kartlegging og metode

## 3.1 KRITERIER FOR VAL AV LOKALITET FOR NÆRTURTERRENG

Iden austre delen av kommunen er det funne fram til nærturterreng nær befolkningskonsentrasjonane slik dei står fram i kartgrunnlaget. Utanom pressområda er det forsøkt å komme oppmed relevante nærturterreng knytt til grendene.

Ute i grendene kan eit lite bustadområde ha fleire moglege turområde kring seg og det vert då vanskeleg å velje eitt område. Eit aktuelt turområde kan ha tilknyting mot sjø, medan eit anna kan ligge i utmak vekk frå sjø. Om ein skal velje det eine eller det andre kan difor vere vanskeleg, men ved å presentere eitt område vil det kunne vere grunnlag for vidare diskusjon med dei som bur i området og som er brukarar av turområda.


## 3.2 BRUKSFREKVENS OG TILKOMST

Attgrodde stiar og stiar som er mykje i bruk ser forskjellig ut og vurdering av stibruk kan dermed seie noko om bruken av eit område. Dersom ein sti og vert brukt til hytte grender er det meir usikkert kven som brukar stien. Brukarundersøkinga i 10. klasse var tenkt for å kunne gje supplerande kunnskap om dette.

Under synfaring vart aktuelle innfallsportar til nærturterreng identifisert. God tilkomst er ofte avgjerande for i kva grad et naturområde vert nytta til friluftsliv eller ikkje. Jo fleire innfallsportar dess betre. Privatisering av innfallsporter til et område eller tilsynelatande privat tilkomst er vanleg, særleg i overgangen fra et byggefelt til områda bakom. Fysiske stengsler som gjerder, låste porter og adgang forbudt skilt gjer det ikkje enklare. Eit anna triks for å privatisere eit område er å unngå å setje opp gjerde mellom eigen hage og område open for allmenta slik at området ser privat ut.

## 3.3 RESULTAT NÆRTURTERRENG

Det er i denne analysen definert 45 nærturterreng i Fjell kommune. Dette utgjer om lag 25 km<sup>2</sup> og ca 20 % av areala i kommunen. 17.000 innbyggjarar budde nærmare enn 500 m frå desse områda i 2010. Om lag 5.000 ligg lenger vekke enn 500 m, men av desse er det fleire som bur nær eit av LNF-Natur områda.



## 4 Presentasjon av nærturterreng i pressområda

### N01 Anglevik

Nærturterreng like ved hytteområde som raskt er i ferd med å bli omgjort til bustadområde. Ope llynghelandskap som vender mot vest. Badeplass i Låtrevika. Tilkomst til området fleire stader, men ingen er merka. Området er i kommuneplanen LNF-område.

Bruk	Stiane med tilkomst til hytter er meir brukt enn turstiar i området. Tatt i betraktning at her er mange nye bustader, badestrand i området og regulert sti inn i utmarka frå bustadfelt hadde ein forventa større bruk.	
Kvalitetar	Fritt utsyn frå høgdedraga og fin badevik i vest. Truleg og egna til fiske frå land. Steingardar og spor etter tidlegare gardsdrift i randsonen mot aust.	
Symbolverdi	Ingen kjende	
Funksjon	Nærturterreng for 236 innb (2010). Forventa auka bustadbygging i området.	
Tilrettelegging	Lite eller ingen tilrettelegging observert.	
Kunnskapsverdi	Ingen spesielle	
Inngrep	Noen hytter i området	
Utstrekning	370 mål	
Potensiell bruk	Merking av dei tre innfallsportane til området og til badestranda samt rundløype ville ha auka bruken av området. Forlenging av stiane nordover med kopling til lokalveg ville gjeve fleire moglegheiter.	
Tilgjenge	Området er lett tilgjengelig om enn med nokre våte parti. Stien ved gardstun i nord ser ut til å vere mest brukt.	

## N02 Foldnes-vest

Større utmarksområde like vest for tettbygd område i og kring det som vert kalla Gamle Foldnes. For det meste ope lystgård, vatn, og noko beitemark og lauvskog mot aust. Tett med hytter særleg nord for området. Fortettinga i bustadområdet er truleg i ferd med å stoppe opp.

Bruk	Delar av stinnett ser ut til å vere mykje brukt. Ein del av dette kan skuldast tilkomst til hytter. Stinnett på kart stemmer ikkje med det som er i terrenget.	
Kvalitetar	Fritt utsyn frå høgdedraga. Området skjerma mot innsyn frå bustadområdet. Truleg og eigna til fiske frå land. Steingardar og spor etter gardsdrift i randsonen mot aust. Sauer i området.	
Funksjon	Nærterreng for 390 innb. (2010).	
Tilrettelegging	Nokre grinder og tiltak i våte parti. Ingen skilting.	
Kunnskapsverdi	Ingen spesielle	
Inngrep	Noen hytter i området og gjelder	
Ustrekning	345 mål	
Potensiell bruk	Merking av innfallsportane til området og rundløype. Avklare med grunneigarar at det vil vere mogleg å nytte dei gamle tilkomstane til utmark som i dag verkar privatisert og tilsynelatande har gått ut av bruk.	
Tilgjenge	Området er lett tilgjengelig om ein veit kor ei skal gå og det hadde vore merka. Stien ved Mathis.... ser ut til å vere mest brukt.	



### N03 Gulljellet

Vestre del av Foldnesmarka og nær stor befolkningskonsentrasjon. Ope lystgård og barskog med flere mindre vann og høgdedrag. Våte parti.

Bruk	Usikker bruk
Kvalitetar	Truleg mogleg med rundløype frå Gullfjellvegen til Larslia. Bading både i Kotevatnet og Gullfjelsvatnet
Funksjon	Nærterreng for 791 innb. (2010)
Tilrettelegging	Lite eller ingen tilrettelegging. Smal planke over Byksevatnet..
Inngrep	Ikkje kjend
Utstrekning	323 mål
Potensiale	Sti fram til nye turveg Hjelteryggen-Foldnes kan verte etablert/få auka bruk.
Tilgjenge	Tilgjenge frå Gullfjellvegen og Larslia er grei, men umerka og vanskeleg og sjå. Tilkomst vest for Kotevatnet er truleg forsvunne pga bustadbygging?



## N04 Skiftedalsvatnet

Område kring Skiftedalsvatnet er delvis opparbeida med turveg, fiskebrygger og badeplass ved Foldnes kyrkje.. Området sør for vatnet ligg inne som "stilleområde" i KDP Straume. Sti på sørsida av vatnet ligg inne i plan, men er ikkje opparbeida. Utviding av gravplass har omgjort delar av naturen i turområdet. Regulert tilkomst til området frå Straume med gangbru over Rv 555 er ikkje etablert.

Bruk	Mykje brukt, særleg på nordsida av vatnet	
Kvalitetar	Badeplass, fiskebrygger, turveg langs vatnet	
Funksjon	Nærterreng for 1552 innb.(2010). Endepunkt for ny turveg Foldnes-Hjelteryggen. Rv 555 er barriere for dei som soknar til området frå sør.	
Tilrettelegging	Flytebrygger og gangstiar. Delvis tilrettelagt til badeplass og for universell utforming.	
Inngrep	Tilrettelagt område.	
Ustrekning	177 mål inkl. Skiftedalsvatnet	
Potensiale	Kopling over/under Rv555 ved Arefjord vil knyte området saman med ein grøntkorridor vidare sørover. Straumemila i KDP Straume inneber ein slik kopling.	
Tilgjenge	God tilgjenge frå offentleg veg nord og aust. Sti frå næringsområde og barnehage i sør? Ikke tilrådeleg å kryss frå gangsti ved Stovevatnet og over til Trafokiosk.	



**N05 Ebbesvikvatnet**

Regulert og tilrettelagt område med turvegar opna i 2012? Lett tilkomst frå Ebbesvik og Sotra Arena. Det er også sti frå Storevarden som er det største bustadområdet i nærleiken.

Bruk	Området ser ut til å ha høg bruksfrekvens av ulike brukargrupper og truleg mange som ikkje bur i gåavstand. Delvis universell utforming og lys langs turvegen vil gjøre området særleg attraktivt også i den mørke årstida.
Kvalitetar	Universell utforming, veglys, natur- og kulturlandskap med små vatn og utsikt. Badestrand og rundløyper
Funksjon	Nærterreng for 978 innb (2010).
Tilrettelegging	Ny turveg med grusdekke, bruer og lys.
Inngrep	Ingen utover dei som er knytt til turvegen. Regulert bilveg langs Ebbesvikvatnet og framtidig bustadbygging i området.
Utstrekning	615 mål
Potensielt auka bruk	Det er forventa stor utbygging i områda rundt, noko som vil auke bruken av området, men samstundes redusere dagens kvalitetar.
Tilgjenge	God tilkomst men merkinga kunne ha vore betre. I dag er det området Storevarden som berre er knytt til området med vanleg sti som har størst nytte av området som nærterreng.



## N06 Gavlen

Området er dels framtidig bustadområde, dels LNF-N område, LNF og dels framtidig friluftsområde i eksisterande kommuneplan. Kvalitetane i området er særleg knytt til strandsona aust-vest og nord-sør gjennom kulturlandskapet frå Gavlen og nordover til Ebbesvikvatnet. Det er ikkje noko naturleg rundløype i området i dag utan å delvis bruke bilveg.

Bruk	Tilkomst ved Gavlen, ved Snekkevik og Ebbesvikvatnet. Eksisterande stinnett stemmer berre delvis med stiane på kartet.
Kvalitetar	Særprega kulturlandskap ved Gavlen med mindre jordteigar, steingardar og gamal lauvskog. Badeplass.
Funksjon	Nærterreng/del av mogleg rundløype for 94 innb (2010). Det er planar om stor utbygging både aust og vest for området.
Tilrettelegging	Tilkomst til hytter i området har gjort at deler av stien langs sjøen ikkje har grodd att. I den delen som utgjer gamal innmark Gavlen er det ingen tilrettelegging og heller lagt hinder for bruk.
Inngrep	Nokre hytter
Utstrekning	495 mål
Potensiell bruk	Merking av innfallsportane til området og reetablering av stiar. Avtale med grunneigar viktig. Nærleik til turvegen ved Idrettsparken.
Tilgjenge	Området er lett tilgjengeleg i enden av vegen frå Snekkevik og Gavlen samt frå turområdet ved Ebbesvik. Sti frå Ebbesvikvatnet ser ut til å vere lite brukt og det er stengd med kvist der det tidlegare var grind i steingardane ved Gavlen.



## N07 Valen

Området er eit lite område med beitemark og llynghei sør for byggefeltet på Tona. Tilkomst til sjø er bratt og därleg og der det er mogleg å komme ned er det hytter eller industri. Mindre friluftsområde aust for næringsområdet ved kaien på Valen. Det er mogleg å legge inn tur i marka her som del av ei rundløype som inkluderer noko bruk av lokalvegane. Rv 55 hindrar bruk av søre del av Foldnesmarka for dei som bur på Tona. Regulert bru over vegen ville ha opna dette området.

Bruk	Regulert tilkomst frå Tonafeltet er stengd, men det er ei grind like ved. Ikkje noko utprega stinett på høgdedraget langs sjøen. Sti fram til hyttene langs sjøen kan delvis nyttast fram til vegen ved Valen kai. Truleg er området lite nyttta som del av rundløype.	2
Kvalitetar	Fritt utsyn frå området. Lite område reduserer natur- og turopplewinga.	4
Funksjon	Nærterreng/del av mogleg rundløype for 593 innb. (2010). Det er regulert ytterlegare utbygging inn i området mot sør.	3
Tilrettelegging	Grind ved byggefelt og stiar til hyttene. Manglar tydeleg sti langs området.	1
Inngrep	Nokon hytter og hus inn i området.	4
Utstrekning	60 mål	4
Potensiell bruk	Merking av innfallspartane til området og rundløype. Avklare med grunneigar.	5
Tilgjenge	Området er lett tilgjengelig om ein veit kor ein skal gå og det hadde vore merka.	3





## N08 Hjelteryggen-Knarrevik

Område med skog, lysthei og vatn. Det er ikke mogleg å gå rundt Storavatnet.

Bruk	Usikker bruk	
Kvalitetar	Ope lysthei med fleire mindre vatn og høgdedrag. Tidlegare drikkevatn teke ut av bruk?	
Funksjon	Næruterreng for 1401 innb. (2010).	
Tilrettelegging	Lite eller ingen tilrettelegging	
Inngrep	Ikkje kjend	
Ustrekning	211 mål	
Potensiale	Forventa at tursti frå området og nordvestover til ny turveg Hjelteryggen – Foldnes vil få auka bruk og kunne inngå i nye rundløyper.	
Tilgjenge	God tilgjenge frå ny turveg og frå Skjendalen. Noko meir uviss frå byggjefelt. Diverre ikke mogleg å ta seg rundt Storavatnet pga demning og privatisering.	



## N09 Våge-Hjelteryggen

Lynghelandskap med små vant og noko skog ved kulturlandskap Våge. Tilkomst til sjø nordover mot Saltskohamn.

Bruk	Delar av stinnett mykje brukt.	
Kvalitetar	Ope lyngheti med fleire mindre vatn og høgdedrag.	
Funksjon	Nærterreng for 513 innb. (2010)	
Tilrettelegging	Del av den nye turvegen Foldnes-Hjelteryggen inngår i området. Elles lite eller ingen tilrettelegging. Våte parti.	
Inngrep	Høgspentmaster og enkelthus med innsyn i marka.	
Udstrekning	822 mål	
Potensiale	Stiar vist på gamle kart har gått ut av bruk, men kunne kanskje takast opp at.	
Tilgjenge	God tilkomst ved Våge. Fleire gode tilkomstar frå Hjelteryggen som er i bruk. Ingen merking.	



**N10 Nordre Bjørøy**

Området ligg på nordspissen av Bjørøy mellom tunnelmunning i vest og hyttefelt i aust. Området er delvis skogdekt med barskog og med eit mindre tjern. Mogleg badestrand i nord. Det er regulert barnehage og eldresenter og bustadfelt ved tunnelmunning.

Bruk	Stien nord på Gavlhaugen ser ut til å vere mykje brukt. Den austlege del av området ved hyttene er ikkje synfart, men det er forventa at området er mykje nytta på grunn av hyttene.
Kvalitetar	Fleire gravhaugar og andre fornminner i området. Utsikt til hovudleia i Vatlestraumen frå nordspissen av øya. To mindre vatn. Rydding av skog hadde betra utsikten.
Funksjon	Nærterreng/del av mogleg rundløype for 123 innb (2010). Forventa meir utbygging.
Tilrettelegging	Grind inn til område og delvis traktorveg.
Inngrep	Nokre hytter ved stranda.
Ustrekning	226 mål
Potensielt auka bruk	Betre merking av området. Sikre området og grøntkorridorar til området i den vidare planlegginga for Bildøy.
Tilgjenge	Uoversiktleg å kryss vegen ved tunnelmunning for å komme inn i området frå vest. Tilkomst gjennom hytteområde i aust mogleg men ikkje synfart. Skilting til nordspissen av øya hadde hjelpt. Stiar vist på gamle kart aust for Nordrevatnet kunne ha leda turvegen vekk frå hytteområdet.



## N11 Ørnafjellet-Nygård

Området består av lystgård, kulturmark og mindre vatn. Kulturlandskap ved Nygård er ein ukjend idyll vest på øya. Kulturmarka langs vegen frå skulen og sørover er regulert til ny bilveg.

Bruk	Sti frå skulen ned Dalen mot Eie i nord. Ikke utprega stinett i området. Sti som binder saman Eide og Ørnevika like nord for området. Nytt byggefelt i nord gjort området meir tilgjengeleg og opna for ny snarveg til skulen? Området ved Nygård er ikkje i bruk som turområde.
Kvalitetar	Lystgård med små vatn. Langgrunn strand innanfor steinsett gamal kai og sjøbu. Kulturlandskap med steingardar og vegfar. Noko brattlendt for god kontakt mellom sjø og fjell.
Funksjon	Nærterreng for 294 innb. (2010).
Tilrettelegging	Lite eller ingen tilrettelegging
Inngrep	Ingen spesielle
Utstrekning	446 mål
Potensielt auka bruk	Avtale med grunneigar for å merke tilkomst til stranda nedanfor tunet på Nygård. Grind i gjerdet frå nord vil oppretthalde naudsynt avstand til tunet.
Tilgjenge	God tilkomst til området frå skulen. Vanskeleg tilkomst til gjerde pga av gjerde og innmarkspreng.



## N12 Søre Bjørøy

Turområde utan inngrep frå fjord til fjell søraust på øya. For det meste lysthei, men og nok furuskog. Tilkomst frå gardstunet i sørvest gjennom lauvskog. Overraskande nok ingen sti som fører til ein av dei finaste strendene på øya, usjenert langgrunn sandstrand. Utbygging inn i området frå nord som er godkjend vil dverre øydelegge nok av kvalitetane her.

Bruk	Delar av området opp mot Nibben og Rundelen ser ut til å vere mykje i bruk, medan strandområda mot aust ikkje har stiar men berre hjortetråkk.
Kvalitetar	Utsikt frå toppane og fin badeplass ved Hardingapollen. Ubygd frå strand til fjelltopp. Siste urørte del av øya. Kulturmark og steingjerder i sør.
Funksjon	Nærterreng for 158 innb (2010). Det er venta meir utbygging på Bjørøy og eit bustadområde heilt i sør ligg like utanfor 500 m buffer. Nærrområde til Bjørøy skule.
Tilrettelegging	Skilting i området, men ikkje til området. Lite tilrettelegging elles.
Inngrep	Støyen frå Flesland kan merkast. Nokre hytter som stenger for ferdsel. Hytteterrasse plassert midt i stien. Regulert bustadområde ved Breivik vil redusere området, korte inn stien og vil truleg gje innsyn til stranda.
Utstrekning	652 mål
Potensielt auka bruk	Betre merking til området.
Tilgjenge	Uoversiktleg å kryss vegen ved tunnelmunning for å komme inn i området frå vest. Tilkomst gjennom hytteområde i aust mogleg men ikkje synfart. Skilting til nordspissen av øya hadde hjelpt. Stiar vist på gamle kart aust for Nordrevatnet kunne ha leda turvegen vekk frå hytteområdet.



### N13 Nordre Bildøy

Området har i fleire periodar vore vist som framtidig friluftsområde i Fjell kommune sine kommuneplanar. Primært som god lokalitet for bading. Området rundt er LNF-område og det går sauar på beite her. Det ligg og fleire hytter like ved stranda.

Bruk	Bruksfrekvens noko uviss. Relativt vanskeleg tilkomst. Området er ikkje i direkte tilknyting til bustadområda på Bildøy. Det er forventa stor utbygging like ved.
Kvalitetar	Ope område med beitemark for sau og badeplass i Vestrevika og også mogleg i Holmavatnet.
Funksjon	Nærterreng/del av mogleg rundløype for 52 innb. (2010). Det er forventa stor utbygging i tilstøytane område.
Tilrettelegging	Grind inn til området og delvis traktorveg.
Inngrep	Nokre hytter ved stranda.
Udstrekning	260 mål
Potensielt auka bruk	Betre merking av området. Sikre området og grøntkorridorar til området i den vidare planlegginga for Bildøy.
Tilgjenge	Tilkommst frå bygdevegen gjennom gardstuna på Bildøy. Området er lett tilgjengelig om ein veit kor ei skal gå og det hadde vore merka.



## 5 Oppsummering nærturterreng

Her følgjer ein oversikt over dei område som er plukka ut til å representerer nærturterreng i Fjell kommune. Kva som faktisk vert nytta til turområde for den einskilde kan variere mykje.

Dei bustadområda som fell utanfor er primært Søre Bildøy, Straume, Brattholmen og Søre Bjørøy. I slike områda vil gangvegar og grøne korridorar fram til nærturterreng kunne bøte på dette.

Nr	Namn	Areal (mål)
N01	Anglevik	372
N02	Foldnes vest	345
N03	Gulfjellet	323
N04	Skiftedalsvatnet	177
N05	Ebbesvikvatnet	615
N06	Gavlen	495
N07	Valen	60
N08	Hjelteryggen sør	211
N09	Våge-Hjelteryggen	822
N10	Nordre Bjørøy	226
N11	Ørnafjellet	446
N12	Søre Bjørøy	652
N13	Nordre Bildøy	263
N14	Ågotnes aust	436
N15	Spjeld	502
N16	Knappskog	464
N17	Fjæreide	381
N18	Morland	1142
N19	Kolltveit-Fjell	2540
N20	Bildefjellet	668
N21	Hovden	232
N22	Molltveit	29
N23	Lie	312

N24	Liaskjeret	293
N25	Fjell festning	821
N26	Tellnes	361
N27	Haganes	641
N28	Kallestad-Trengereid	699
N29	Ekren	399
N30	Åse – Neset	785
N31	Møvik	1744
N32	Skålevik	1292
N33	Sekkingstad	513
N34	Eide	546
N35	Ågotnes vest	827
N36	Angeltveit	705
N37	Landro aust	561
N38	Landro vest	86
N39	Vindenens	582
N40	Misje	465
N41	Turøy	345
N42	Algrøy	708
N43	Langøy	187
N44	Lokøy	468
N45	Syltøy	175